



Camilla Angelica Johansen
Eidavegen 602
5993 OSTEREIDET

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3681 - 15/33386

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

30.10.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 233/63 Eide indre.

Kommunen viser til søknad mottatt 21.10.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til byggeområde for bustadar. I samsvar med punkt 1.1 i føresegnene til planen er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak kan godkjennast dersom ikkje tiltaket kjem inn under unntaksbestemmelsen i punkt 2.14. For at kommunen skal kunne vurdere om denne bestemmelsen gjeld må det gjerast greie for % BYA samla bruksareal og MUA slik det kjem fram av punkt 2.14.

I punkt 2.14 står det:

«Det kan utan reguleringsplan gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a på eksisterande bustadeigedomar når samla utbygging er innafor dei grensene som er fastsett nedanfor. Det vert ikkje opna nye bueiningar eller næringsbygg på eigedomen. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m². Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m² for bygging av frittstående garasje. Etter utbygging skal det vere igjen eit minste uteopphaldsareal (MUA) på 200 m² per hovudbueining. Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgdenene vert målt frå planert terreng. Det kan gjevast løyve til tilleggsareal opptil 200 m² etter pbl § 20-1 bokstav m) utan krav om reguleringsplan, dersom dette ikkje er til hinder for framtidig regulering. Heimel: Pbl § 11-10 nr. 1.»

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



2. Kommunen ser av vedlagte kart at det er lite areal for parkering på tomta. Når garasjen skal brukast til soverom må det gjerast greie for korleis parkering skal løysast. Dette må visast ved innteikning på situasjonskartet. Det er krav om 2 parkeringsplassar, dvs 2 x 18 m2.
3. Det må sendast inn fasadeteikningar av bygget som viser omsøkt endring.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.12.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart 233-63

Mottakarar:

Camilla Angelica Johansen

Eidavegen 602

5993

OSTEREIDET